

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 26.03.2006
Sakhandsamar: Bjørg Sandal
Saka gjeld: **PASIENTHJELPAR I HELSE VEST RHF – 2-ÅRIG
PROSJEKTSTILLING**

Styresak 040/06 B

Styremøte 03.05. 2006

Bakgrunn:

Ventetidene i Helse Vest er reduserte med i overkant av 60 prosent sidan reforma vart sett ut i livet 1. januar 2002. Dette betyr at mange pasientar ventar mykje kortare tid før dei blir undersøkte av spesialist eller får behandling i spesialisthelsetenesta.

Sjølv om ventetida er kraftig redusert for regionen sett under eitt, er det relativt store variasjonar internt i regionen og mellom ulike fagområde. Dette gjer at det er relativt lange køar i nokre av føretaka medan det er mangel på pasientar innanfor einskilte fagområde i andre føretak.

Dersom pasientar får hjelp til å velje andre sjukehus enn det dei normalt soknar til, vil mange oppnå redusert ventetid. Ved ein større pasientmobilitet ville pasienten fått behandling raskare, det ville blitt kortare ventetider i dei helseføretaka der det er lengst ventetid, kapasiteten i regionen ville blitt betre utnytta og servicegraden pasientane opplever ville blitt styrka, noko som igjen vil bety eit meir positivt omdømme.

Hypotesen er derfor at Helse Vest bør opprette eit tilbod for å hjelpe pasientar til å finne det sjukehuset med kortast ventetid. Også pasientar som allereie er viste til spesialisthelsetenesta vil gjennom denne kanalen få hjelp til å flytte til eit anna sjukehus dersom dei ønskjer det. I dag opplever mange pasientar ei slik overflytting som uoversiktleg og komplisert.

Desse tankane er i tråd med Statsrådens budskap i føretaksmøtet den 24. januar 2006. I protokollen står det:

”For å styrkje rettane til pasientane og tilbodet i forhold til fritt sjukehusval, skal Helse Vest RHF sørgje for betre informasjon til pasientane på dette området. Dette skal omfatte rett til nødvendig helsehjelp og eventuell utviding av telefonetenesta til Fritt sykehusvalg Norge med sikte på å tilby meir individuell oppfølging.”

Kommentar:

Det frie sjukehusvalet er etablert for at pasienten sjølv skal kunne velje kvar han / ho vil la seg behandle. Dei ferskaste tala viser at om lag 1,5 prosent av pasientpopulasjonen nyttar seg av tilbodet om å velje sjukehus / institusjon sjølv. Det er rimeleg å tru at den låge prosenten heng saman med at pasientar kjenner for dårleg til sine egne rettar – og at dei får for dårleg / for

lite tilpassa informasjon om kva for rettar dei har. Ulike pasienthistorier fortel og om forsøk på å finne fram sjølve – i eit uoversiktleg og komplisert system, der få eller ingen synest å vere opptekne av å hjelpe pasienten til rette.

I dag finst det tilgjengeleg informasjon om kvar pasienten finn den kortaste ventetida for definerte diagnosar. Denne informasjonen er tilgjengeleg gjennom Fritt sjukehusval, som er etablert med to typar tenester:

- Gratis grønt nummer (800 41004)
- Nettstaden www.sykehusvalg.no

Desse tilboda gir opplysningar om ventetidene. Det ligg ikkje i deira mandat å hjelpe pasientane fram til det sjukehuset / den institusjonen dei ønskjer å bli behandla ved. Dette leddet manglar i dag – og er altså det Helse Vest ønskjer å etablere gjennom å opprette ei ny stilling som Pasienthjelpar.

For pasienten ville det enklaste vore om pasienthjelparen kontakta han / henne med tilbod om å hjelpe til med å finne fram til sjukehuset med den kortaste ventetida. Ei slik ordning ville byggje på at pasienthjelparen hadde tilgong til helseføretaka/institusjonane sine ventelister. Ventelistene inneheld nærare opplysningar om dei pasientane som ventar på undersøking eller behandling. Dette er sensitive opplysningar som kan identifisere personen det gjeld. Dagens regelverk om tilgong til - og utveksling av - helseopplysningar er til hinder for at personell i andre helseføretak eller regionale føretak har ein generell tilgong til slike opplysningar.

I staden må tilbodet organiserast på ein slik måte at det er pasienten som vender seg til pasienthjelparen. Dette betyr at ordninga må gjerast godt kjend, både for innbyggjarane generelt og for fastlegane spesielt. Tilpassa informasjonsmateriell vil bli utarbeidd og distribuert.

Pasienthjelparen skal knytast til det regionale nivået. Vedkommande skal vere utdanna sjukepleiar og ha minst 5 års erfaring frå spesialisthelsetenesta. Helse Vest ser føre seg at den nye stillinga vil ha nært samarbeid med pasientrettleiaren (det grønne nummeret). Truleg bør dei to stillingane samlokaliseras i Helse Vest sine lokale.

Også gode evne til å informere og kommunisere vil vere ein viktig kompetanse for pasienthjelparen. Dette er viktig i møtet med pasienten – men vil også vere viktig når vedkommande skal kommunisere med fastlegen.

Den rette personen må difor dekke følgjande kompetanseområde:

- vere utdanna sjukepleiar
- minst fem års erfaring frå spesialisthelsetenesta
- gode kommunikasjons- og samarbeidsevne
- utprega serviceinnstilling

Pasienthjelparen vil få tilsendt opplysningar frå pasienten. Desse opplysningane vil pasienthjelparen lagre. Helse Vest har difor vurdert om dette forholdet ville vere konsesjonspliktig. Vår vurdering er at det ikkje er tilfelle. Å oppbevare denne typen opplysningar krev at Helse Vest melder frå til Datatilsynet, utan at det krev konsesjon.

”Rett til nødvendig helsehjelp” er eit omgrep som inneber at dei sjukaste pasientane skal ha førsteretten til behandling. For desse pasientane blir det sett ein tidsfrist for når behandlinga seinast skal finne stad. Også pasienthjelparen skal prioritere pasientar som har ”rett til

nødvendig helsehjelp” framfor pasientar som har ”rett til annan helsehjelp”. Likevel er det slik at det vil vere betre å utnytte ledig kapasitet ved eit sjukehus til å behandle pasientar med ”rett til annan helsehjelp” framfor at kapasiteten står unytta. Det må likevel ikkje vere tvil om at det er pasientar med høgast prioritet som går først i køen.

Helse Vest ønskjer å oppretta stillinga som pasienthjelpar, i første omgang som eit 2-årig prosjekt. I god tid før prosjektperioden er omme, skal prosjektet evaluerast. Dersom erfaringane er positive, vil prosjektstillinga bli omgjort til ei fast stilling.

Forslag til vedtak:

- 1) Det blir oppretta ei 2-årig prosjektstilling som pasienthjelpar i Helse Vest RHF.
- 2) Arbeidsoppgåver blir som skissert i styresaka.
- 3) Det blir utarbeidd informasjonsmateriell for å gjere den nye tenesta kjend. Fastlegar og innbyggjarar flest er dei viktigaste målgruppene.
- 4) Stillinga blir finansiert gjennom Helse Vest RHF sitt budsjett.